

Skigruppa til Voss med nesten 50!

22.09.2014



Fredag reiste skigruppa til Voss med 26 utøvarar og kring 24 foreldre, søsken og trenarar. Målet var ein sosial samling med gode treningsøktar i Herresåsen som er fylket sin ski- og skiskytterarena drifta av Ski Voss.



Det vart i helga mange artige og samtidig litt slitsamme treningsøktar for utøvarane - både med og utan rullleski.



Innimellom var det tur til ein klatrepark med løyper langt oppi furukrunane, som var både spennande og litt skumle. Laurdagen vart runda av på Peppes Pizza.

Den avsluttande dagen søndag var sett av til fjelltur, men sidan det var så flotte asfalterte løyper og arenaområde vart det trening på rulleski og stafettar istaden.

Ekstra inspirasjon var det at Hilde Fenne trente samtidig i anlegget.

Tekst, foto : Knut Johannes Ripel
Nett: Ola Matti Mathisen

